Formalia

UNIVERSITETET I OSLO
Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk
ANT1500 - Antikken gjennom tidene
Vår 2022
Heimeeksamen

Utlevering av oppgåve: 30.5.2022, kl.11:00.
Innlevering av svar: **2.6.2022, kl. 11:00.**

Formelle krav:

- Omfang: 7-9 sider à 2.300 teikn utan mellomrom. Tilrådd skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand. Litteraturlista vert ikke rekna med i det totale talet på sider. Oppgåva blir vurdert med karakterskala frå A til F, der A er beste karakter og F er stryk.
- Riktig og heiderleg bruk av kjelder og at du oppgjer dei kjeldene du har brukt, er ein viktig del av oppgåva og av grunnlaget for karaktersetjinga. Du finn veiledning i Canvas i mappa "Moduler" > "Wrapping up" > "Kildebruk 2022".
- Oppgåvesvar utan kjeldetilvising (noteapparat og litteraturliste) blir ikkje godkjende.
- Oppgåvesvaret må vidare oppfylle dei formelle krava til akademisk skriving. For utfyllande informasjon sjå: https://www.ub.uio.no/skrive-referere/index.html
- Du skal levere oppgåvesvaret som ei .pdf-fil.
  Sjå: http://www.uio.no/studier/admin/eksamen/innlevering

Kontaktperson ved spørsmål under eksamen: Studiekonsulent Mari Hertzenberg (m.j.b.hertzenberg@ifikk.uio.no).

NB. Du kan velje målform øvst til høgre.

1 Oppgavetekst/oppgåvetekst

Du skal berre svare på ei (1) av oppgåvene.
Husk å oppgje tydeleg kva for ei oppgåve du svarar på.

Anten:

Modul 1: Antikken etter antikken
I grunnboka *Classics: From Papyrus to the Internet* skriv forfattarane følgjande om antikkresepsjon: «Reception is ... the most important factor in the preservation of the textual tradition, what we might call the transmission of a text» (s. 85). Forklar og drøft forskjellen mellom omgrepa «resepsjon» og «tradisjon» ut frå denne påstanden med tilvisning til dei teoretiske tekstane om antikkresepsjon på pensum. Trekk inn minst to historiske eksempel som du presenterer og analyserer med tanke på utsegna over. Eksempla kan vere henta frå pensum og/eller førelesingene i alle modulane, men dei må ikkje vere det.

Eller:

Modul 2: Antikken på norsk
Forklar kva antikkresepsjon er, og peik på trekk ved norsk antikkresepsjon på 1800- og 1900-talet. Ta utgangspunkt i oversettelsane som har vore tekne opp på emnet, eventuelt òg andre, og diskuter deira bruk av antikken i norsk samanheng. Nokre av spørsmåla du kan arbeide med er: Kvifor blir tekstane omsette, kven omset dei, kva i tekstane blir oppfatta som viktig og interessant (og dermed framheva i omsetjingane)? Viser omsetjingene at antikken har prestisje? Blir tekstane fornorska på fleire måtar: ikkje berre ved å bli omsette til norsk, men òg ved å bli utstyrte med referansar til norske forhold?

Eller:

Modul 3: Antikken på scene/skjerm
«For å få antikken i tale må vi gi den vårt blod» er eit utsegn av den klassiske filologen Ulrich von Wilamowitz-Moellendorff. Bruk dette utsegnet som utgangspunkt for å analysere antikkresepsjon på scene og skjerm. Bruk minst eitt av eksempla frå førelesingene om antikken på skjerm og scene i essayet ditt. Det er viktig at du i svaret ditt òg gjer greie for føringane som ligg i dei ulike sjangrane (opera, drama og film).

Eller:

Modul 4: Antikken og ideologi
Ta utgangspunkt i ei avgrensa periode i anten antikkens Sparta, Athen eller Roma og gje ei kort framstilling av styresettet. Velg vidare eitt moderne politisk regime (frå etter 1700) og diskuter korleis den antikke modellen der blei transformert og brukt som ideologisk legitimering. Diskuter avslutningsvis i kor stor grad du vil bruke omgrep som «bruk» eller «misbruk» av historia i denne samanhengen.

Last opp fila her. Maks ei fil.

Alle filtypar er tillatne. Maksimal filstorleik er **2 GB**.

Vel fil for opplasting

Maks poeng: 0